

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga

Postboks 7900

5020 Bergen

Vår dato: 09.12.2016

Vår ref: 2009/1235 - 25347/2016 / 243

Dykkar ref:

Vikahaugane Ishall - fylkeskommunalt tilskot

Syner til møte med fylkeskommunen 17.11.16 og vedlagde planar.

På Stord vart det i 2001 etablert Regionsanlegg for vinteraktivitet på is. Statusen har ein framleis. Det er ein 250 meter rundbane og den fyrste i sitt slag i Noreg. I midtfeltet er det og islagt slik at ein samla har over 5000 kvadratmeter aktivitetsflate. Etter 15 år drift lyt ein erkjenne at endringane i ver og klima me har opplevd dei siste åra gjer det svært krevjande og dyrt å drifta ei utandørs isflate her på Vestlandet.

Me har over tid freista å realisera hall over aktivitetsflata vår. Prosjektet har vore jobba med i over 7 år og vart fyrste gong godkjend i Kulturdepartementet i 2009 medan siste fornying av planar vart gjort i mars i år. Planane er heimla i Kommunedelplan for Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv på Stord, Plan for regionale idretts, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2016-2020, førre fylkesdelplan for idrett og friluftsliv - Aktiv kvar dag og gjeldande kulturplan, Premiss kultur. Det er nedfelt at kvar region skal ha ein ishall, men det er berre Slåtthaug og Vikahaugane som er nemnt med namn. Då flata vart realisert medverka fylkeskommunen med 3 millionar over ein 2 års periode.

Nedslagsfeltet for hallen er heile Sunnhordland med kring 60 000 innbyggjarar, registrert skulebruk er frå Fitjar, Bømlo, Tysnes, Kvinnherad og Sveio. Sjølv om her er ein rundbane er det fyrst og fremst aktivitetsflata som vert nytta, dette er eit lågterskeltilbod som fremjar folkehelsa. Folk i alle aldrar kan delta og anlegget er universelt utforma. Pr dato betalar ein 20 kroner for å bruka anlegget på ettermiddagstid, då kan ein vera så lenge anlegget er ope.

På dagtid er det gratis for kommunale skular, fylkeskommunen og høgskulen å nytta anlegget, dette er noko me vil fortsetja med når det vert realisert ishall. Ved å byggja hall kan ein tilby betre is og til faste tider. Slik det er no kan me ha fine forhold ein dag og så er det 12 grader og regn neste dag. Det går mykje energi å frysa is, spesielt når sålen vert opp mot 50 cm tjukk. Dette slepp me når det vert bygd hall.

Ved etablering av ishall vil ein og leggja opp til ha ein ishockeybane og eit eller to curlingfelt for å utvida aktiviteten.

Sumarstid vil ein ha ein 7år bane (60*40) med kunstgras. I tillegg vert det lagt eit 250 meter ininline dekke, det einaste i sitt slag i Noreg, det er jamvel få av dei i Europa. Ein vil då kunne trenast teknikk heile året.

Det har vore jobba med design, utforming, materialbruk, kostnader og finansiering. I desse dagar vert nye Stord ungdomsskule bygd og ein dreg synergieffektar på kvarandre i form av infrastruktur. Totalkalkylen er kring 39 millionar kroner og er tenkt finansiert slik:

Stord Kommune	7 500 000
Lån	6 000 000
Hordaland fylkeskommune	6 000 000
Spelemidler	11 500 000
Gåver /Rabattar	6 000 000
Dugnad	2 000 000
Totalt	39 000 000

Me ber med dette Hordaland fylkeskommune vera med oss på laget i høve finansieringa og ber med dette om fylkeskommunal stønad på 6 millionar kroner. Me har forståing for at slike summar vanskeleg kan la seg realisera på årets budsjett og i ein eingongsstønad, men vonar de kan utbetala delsummar over ein periode. Det vert jobba vidare mot nabokommunane for å sjå om me kan få anlegget til å verte interkommunalt.

Dersom her er noko uklårt/mangelfullt, ver gild å ta kontakt med underteikna.

På førehand takk!

Med helsing

Sylve Rusten
rådgjevar idrett- og friluftsliv

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Vedlegg: Presentasjon

